



Foto: Ingvar Grastveit

Dvergspett *Dendrocopos minor* er ein fast hekkeart i Rambjøra. Den er særleg aktiv tidleg på våren.



Vassgro *Alisma plantago-aquatica* er ein sumpplante som veks på Austlandet, i Trøndelag og nokre plassar på Vestlandet, som her i Rambjøra landskapsvernområde.



LANDSKAPS-
VERNOMRÅDE



Store delar av Rambjøra landskapsvernområde er frosdig svartorskog, stadvis med klart sumppreg. Faktisk er dette å sjå på som regnskog. Mesteparten av regnskogen som finst i Europa ligg på Vestlandet, denne er sjølv sagt ikkje tropisk, men temperert eller boreal (nordleg).

RAMBJØRA LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Rambjøra landskapsvernområde med plante- og dyrelivsfreding i Bergen kommune vart verna ved kongeleg resolusjon 11. desember 1981.

Landskapsvernområdet er på om lag 325 dekar.

Fremållet med vernet er å bevare ein sjeldan kombinasjon av fleire særeigne naturtypar, og å bevare sjeldne plante- og dyreartar. Området er verdfullt for undervising, forsking og rekreasjon.


EIN VARIERT OASE MED HØG VERNEVERDI

Rambjøra byr på mykje natur innanfor eit lite område: Svartorsump, gamle eiketre og blomeenger. Det er omgitt av gamalt kulturlandskap med slåttemarkar, steingardar og kjerrevegar, som i dag i stor grad har gått ut av bruk.

Myrvatnet er omkransa av frosdig sumpvegetasjon. Her er det gode næringstilhøve, og fleire store sumpplantar er vanlege rundt heile vatnet. Litt ute i vatnet dannar flaskestorr og elvessnelle ei meir eller mindre tydeleg sone. Ein annan vanleg og karakteristisk vassplante er bukkeblad. Øyrevier, ein tre meter høg busk, er vanleg på austsida av vatnet. Vassgro, kjempepigknopp og langstorr er nokså sjeldne sumpplantar i Noreg, men dei veks i Myrvatnet og andre vatn i Fana. Dei framande artane gjedde og abbor er sett ut i vatnet.

I lia ovanfor Myrvatnet står edellauvkogen tett, heilt opp til den bratte berghammaren. Alm, ask og hassel er karakteristiske treslag, men også den introduserte arten platanlønn finst i store mengder. Av planteartar som veks i edellauvkogen kan nemnast falkbregne, junkerbregne, strutseveng, ramslauk, skogsvingel og stortveblad.


Svartor er det vanlegaste treslaget i Rambjøra. Den toler eit fuktig miljø, og veks i kanten av Myrvatnet og over store delar av åsen i austre del av verneområdet.



Bukkeblad
Menyanthes trifoliata



Kjempepigknopp
Sparganium ramosum




Ramslauk
Allium ursinum



Gjedda, ein storkjefta innflyttar

Gjedda finst naturleg nokre stader i Noreg, men den er innført i fleire vatn rundt Bergen. Idéen var at denne glupske fisken skulle redusere mengda av småfisk og slik få opp kvaliteten på dei overlevande, ein taktikk som sjeldan lukkast. I Myrvatnet har gjedda faktisk utrydda auren.

Gjedda vart sett ut for mange år sidan, men utsetting av framande artar har òg skjedd i nyare tid. I 2007 vart det sett ut abbor i vatnet, noko som i dag er rekna som miljøkriminalitet.



UTDRAG AV VERNEFORSKRIFTA

All ferdsel og bruk av verneområdet skal skje med varsemd og omsyn til vegetasjon og dyreliv. Du er velkommen til verneområdet, men hugs følgjande reglar som er eit utdrag frå verneforskrifta:

- I området utanom opparbeidde hagar, vegar og stiar er plantelivet, medrekna daude busker og tre, freda mot skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje førast inn utanom opparbeidde tomter.
- Alle pattedyr- og fugleartar og deira buplass, hi, reir og egg, er freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er ikkje tillatt.
- Tekniske inngrep og forsøpling er forbode.
- Motorisert ferdsel er ikkje tillatt utanom eksisterande vegar. Bruk av ridedyr utanom eksisterande vegar og organisert idrett er ikkje tillatt.

Vernereglane er ikkje til hinder for:

- Sanking av bær og matsopp.



RAMBJØRA LANDSCAPE PROTECTION AREA

with plant- and animal protection in Bergen municipality was established in 1981 to preserve a rare combination of various forest and meadow habitats, as well as to protect rare plants and animals. The area is valuable for teaching, research and recreation.

Rambjøra is part of an old cultural landscape, and remnants of old walls, roads and buildings can be found in the area.

You are welcome to visit the protected area, but please note these rules:

- Vegetation and wildlife is protected from damage and destruction.
- Use of motorized vehicles is prohibited, apart from on existing roads.
- Harvesting mushrooms and berries is allowed.

FORVALTING OG OPPSYN

Fylkesmannen i Hordaland, tlf.: 55 57 20 00
Statens naturopsyn Bergen, tlf.: 959 67 043